



Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

**Dykkar ref.:** 2017/4336**Vår ref.:** 12/281-17**Arkivkode:** K1 - 144, K2 - N10**Dato:** 18.10.2017**Høyringsinnspeil til investeringsprogram for Regional transportplan 2018 - 2029**

Formannskapet i Granvin herad ynskjer å gje fylgjande uttale til investeringsprogrammet til regional transportplan 2018-2029 (vedtak 17.10.17 i sak 052/17):

1. Granvin herad støttar i hovudsak Hordaland fylkeskommune sine vurderingar og prioriteringar i Investeringsprogrammet til Regional transportplan.
2. Granvin herad støttar også vridinga mot portefyljestyring, og trur dette vil kunne gje meir målretta og effektiv styring av vegpolitiske prioriteringar.
3. Granvin herad ber om at investeringane i strekninga Ulvik – Trengereid blir framskunda til 2019/2020.
4. Granvin herad ber Hordaland fylkeskommune om å gå inn for å leggja heile strekkjet Stavanes til Granvin sentrum i tunell. Denne strekkja vert av Statens Vegvesen kategorisert som høgrisiko, med mange potensielle skredlaup. SVV har difor alt utarbeidd skisser for tunell forbi dette strekkjet som eit alternativ til punktsikring. Det er viktig at ein prioriterer tunell forbi dette særslig rasutsette området fordi ei punktsikring aldri vil verha fullgodt. Dette arbeidet må i gang så raskt som mogleg for å rusta opp Fv7 til å ta imot trafikken i forbindelse med K5 utbygging, og for å handtera dei stadige stengingane av E16 Bergen-Voss.
5. Granvin herad ber Hordaland fylkeskommune gjera naudsynte grep både på kort og lang sikt for å sikra dei mjuke trafikantane i overgangen mellom gamal og ny veg i Folkedal.
6. Granvin herad ber Hordaland fylkeskommune merka seg framlegg til samarbeidsprosjekt rundt sikring av skulevegen/mjuke trafikantar mellom Granvin bruk – FV 7.

**Utdjupande merknadar:**

Granvin herad meiner det er naturleg at ein i denne høyringa byggjer vidare på dei innspela heradet gav i høyringa av Regional transportplan 2018 - 2029. I høyringa til RTP la Granvin



**Postadresse:**  
Postboks 13, 5733 Granvin  
**Besøksadresse:**  
Hardangervegen 2581

**Telefon:**  
56 52 40 00  
**E-post:** postmottak@granvin.kommune.no  
**Internettseite:** www.granvin.kommune.no

**Org.nr.:**  
844162502  
**Bankkontonr.:**  
6501 05 67305

vekt på viktigheita av skredsikring i ei tid med forventa auka nedbør og fare for fleire og større skred langs vegane.

Det er positivt og viktig at strekninga Ulvik – Trengereid er mellom dei prioriterte strekningane, fordi dette er ei strekning med svært dårlig framkome, og stor skredfare.

Strekninga er viktig både for trafikken internt i regionen, men også som avlastningsveg for E16. Så lenge rapporten med prioriteringar på strekninga skal vere ferdig allereie 2018/2019, bør investeringane ikkje utsetjast til 2021, men framskundast til 2019/2020.

Når det gjeld vurderingane om skredsikring på strekninga Kvanndal – Granvin meiner Granvin herad det er uheldig at ikkje fylkeskommunen har vurdert konsekvensane av merknaden til Statens vegvesen til tiltaket i Kattadalen/Veravikji der dei peiker på at det er skredfare over eit lengre strekk med ulike typar skred (Rapport: [Skredsikringsbehov for riks- og fylkesvegar i Region vest \(2015\)](#)). For å sikra seg i dette området bør ein leggja heile strekket Stavanes – Granvin sentrum i tunell. Arbeidet med planlegging og prosjektering av dette bør starta i fyrste del av perioden.

### Skuleveg og mjuke trafikantar

Regional transportplan med investeringsprogram vil prioritera tiltak for dei mjuke trafikantane og særleg skulevegar.

Hausten 2015 blei Folkedalstunellen opna. Erfaringar så langt med overgangen mellom gamal og ny veg i Folkedal, viser at det oppstår trafikkfarlege situasjonar på grunn av endra køyremønster etter at Folkedalstunellen blei bygd. Det er særleg den erfaringa at bussshaldeplassen nord for Folkedalselva blir nytta som møteplass som er utfordrande. Denne bussshaldeplassen blir nytta av skuleborn. Utfordringa for trafikken er at bilistar som kjem nordfrå, ikkje har sikt over bakketoppen før dei er nesten oppe. Det gjer at det alltid er bilistane sørfrå som må vika plass, og dei nyttar då bussshaldeplassen som møteplass. Problemet hadde vore løyst om bilistane nordfrå hadde hatt plass til å sleppe motgåande trafikk forbi før den nådde bakketoppen.



Sikringa av dette strekket bør gjerast ved å senka bakketoppen og utvida vegen fram til og med brua over Folkedalselva. Dette må utreiast og planleggjast for i investeringsprogrammet til Regional transportplan. Som ei mellombels løysing bør Granvin herad be Hordaland fylkeskommune gjennom Trafikksikringsutvalet (TFU) sikra at det blir løvd midlar til mellombelse trafikksikringstiltak.

Det blir lagt opp til at fylkeskommunen og kommunane kan samarbeide om mindre tiltak som legg til rette for dei mjuke trafikantane, og fylkeskommunen ber høyringsspartane spela inn aktuelle samarbeidsprosjekt. I samband med bygging av ny tømmerkai ved Moelven Granvin

bruk, vil tungtransporten auka monaleg og det vil bli eit auka behov for å sikra skulevegen og dei mjuke trafikantane på 370 meter av strekninga Granvin bruk – Fv 7. Dette er eit prosjekt der det er naturleg at Granvin kan søkja samarbeid med Hordaland fylkeskommune for å klara å realisera prosjektet.

Med helsing

Ingebjørg Winjum  
Ordførar  
Telefonnummer: 40403863